



Stendal Vvs AS  
Blombakken 1  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1535 - 18/13218

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
19.06.2018

## Godkjenning - Løyve til tilknytting til kommunalt vatn - gbnr 25/103 bustad Fosse

**Administrativt vedtak. Saknr: 136/2018**

**Tiltakshavar:** Shirley Ann Dyrkolbotn

**Ansvarleg søkjar:** Stendal Vvs AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 31.05.18 motteke her 07.06.18, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for bustadhus på eigedomen gbnr 25/103 på Fosse. Eigedomen skal koplust til det kommunale vassverket via godkjent privat stikkledning som eies av Bustad & eigedom AS og går langs eigedomsgrense med kommunal veg på gbnr 25/173 og langs privat veg i grense med gbnr 25/103. Det ligg føre naudsynt erklæring frå Bustad & eigedom AS som gjev eigedomen gbnr 25/ 103 løyve til tilkopling via privat vassledning.

### Vurdering:

Eigedomen har godkjent avlaupsløysing med slamavskiljar. Naudsynt erklæring frå Bustad & eigedom AS ligg føre og administrasjonen har ingen merknad til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

### Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på motteke situasjonskart, motteke 07.06.18.

### Ansvarsrett:

Ansvarsrett i saka går fram av erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan, dagsett 01.06.18.

Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav i eller i haldning av lov, jf pbl § 23 - 1.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Nabovarsling:**

Tiltaket har ikkje vore nabovarsla. Eigar av privat vassleidning Bustad & eigedom AS har signert samtykke til tilkopling og er såleis kjent med tiltaket.

Kommunen vurderer det slik at øvrige naboar i lita grad vert berørte i dette tilfellet. Vi krev difor ikkje

ytterlegare nabovarsling, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

**VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av tilknytninga av bustad på gbnr 25/103 til kommunalt vatn i samsvar med søknaden, motteke 07.06.18 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke 07.06.18 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
3. Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.
4. Tilknytninga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
5. Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
6. Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per bueining.
7. Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift.

Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om

vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/1535**

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Shirley Ann Dyrkolbotn                      Fosse 65 B                      5918                      FREKHAUG

### **Mottakarar:**

Stendal Vvs AS                      Blombakken 1                      5911                      ALVERSUND